

Marianne og Egil Øvretveit
v/Egil Øvretveit
Reikerås
5913 Eikangervåg

Bergen, 04. 12. 2015

Attendemelding på spørsmål

Viser til brev datert 11.11.2015 til Rune Kilen i Lindås kommune der det er tatt opp enkelte spørsmål kring kontraktstildelinga i konkurransen på vintervedlikehald.

Eg har hatt brøyting ca sidan 1998 på rode 13. Har aldri vurdert å gi pris inn på andre roder da kapasiteten tilseier at det ikkje går. Kjetil Kaldefoss, som hadde 1 rode vinterberedskap og Brannberedskap i førre anbudsrunde, har no fått tildelt, og skal ha vinterberedskap på 3 roder og samtidig vere i Brannberedskap.

Eg veit om 3 til som er i beredskap i Lindås Brannvern og har fått tildelt vinterberedskap på kvar si rode. Eg lurar på om det er i Lindås Kommune si interesse å ivareta beredskapen på denne måten?

Når det gjeld konflikten mellom beredskap i Lindås og Meland Brannvern og brøytekontrakt er valte leverandør forplikta til å utføre brøyting i samsvar med kontrakt med dei sanksjonar som følgjer ved brot (heving av kontrakt, erstatning osv.). Det er sjølvsagt ikkje ein optimal situasjon at ein person har både beredskap på brøyting og brannvern samstundes. I dei fleste tilfelle vil nok dette løysast med korleis leverandøren organiserer mannskap i høve vaktplanar. Slike tilfelle er ikkje eigna til å regulere inn i ein brøytekontrakt og det vil vere opp til brannvernet å vurdere i den konkrete saka om personen oppfyller krava som er sett til tenesta (herunder tilsettingsavtalen sine eventuelle forbod mot typar arbeid, bierverv o,l).

Eg ser at Kjetil Kaldefoss har 3 underleverandørar, men det er fortsatt han som står som anbudsvinner og har beredskapen. I konkurransen er det levert tilbud frå både enkeltmannsforetak og firma. Dersom ein skal levere på fleire roder, må ein ved behov innhente ekstern kapasitet for å oppfylle kvalifikasjonskravet i konkurransen. Då må ein vel kunne rekne med at kvalifikasjonskravet i konkurransen det samme for underleverandørar som for Anbudsvinner. Med tanke på, firmaattest, skatteattest for mva og skatteattest for skatt. Og at dette er sent inn saman med anbudet. Etter ei vurdering gjort av Lindås kommune vart leverandøren vurdert å ha tilstrekkelig kapasitet til gjennomføring av oppdraget. Eg håper dette gjeld alle leverandørar, både hovud og underleverandør. Samt at alle anbudskrava er stetta inkludert utstyrskrava.

Ved innlevering av tilbud på fleire roder kan dette organiserast på ulikt vis. Eit alternativ er samarbeid med andre leverandørar. Dersom ein skal nytte underleverandørar for å oppfylle eit kvalifikasjonskrav må det inngås ein samarbeidsavtale mellom leverandørane eller signerast ei forpliktingsfråsegn der underleverandøren pliktar til å stille med naudsynte ressursar under gjennomføringa av kontrakten. Dette gjeld særleg ved oppfylling av kvalifikasjonskrav knytt til tekniske- og faglege kvalifikasjonar og leverandørens finansielle stilling. Det er ved bruk av underleverandørar ikkje absolutt krav til å innlevere attestar og dokumentasjon med mindre det er stilt krav til det i konkurransegrunnlaget. Ved gjennomføring av kontrakten er likevel hovudleverandøren ansvarleg for at underleverandørar utfører arbeid etter kontraktens vilkår.

Odin Prosjekt AS

Bergen
Edvard Griegs vei 3B
5059 Bergen

Oslo
Universitetsgata 20
0162 oslo

www.odinprosjekt.no
post@odinprosjekt.no
NO 994 950 967

Det andre alternativet er at ein ikkje nyttar underleverandørar, men tilset personell og leiger inn maskiner til kontraktsoppstart.

Det vart gjennomført ei grundig vurdering av valde leverandørs tilbydde utstyr og mannskap, der kommunen konkluderte med at kvalifikasjonskrava for dei omsøkte rodene var oppfylt.

Slik innkjøpsregelverket er i dag er det ikkje høve til å dele opp kontraktar til ulike leverandørar. Ein kan eksempelvis ikkje seie at rode 1, 2 og 3 skal tildelast til tre ulike leverandørar. Leverandørane har då tilgang til å kunne levere på ein eller fleire delkontraktar og samla få tildelt fleire kontraktar. Frå og med neste år kjem det truleg ei lovendring som gjer det mogleg å kunne fordele kontraktar på fleire leverandørar. Dette kan vere svært aktuelt å ta inn i neste anbodskonkurranse for vinterdrift for å fordele rodene på fleire leverandørar.

Me vil takka for at de deltok i konkurransen og håpar de vil levere tilbod i neste konkurranse på vintervedlikehald.

For Lindås kommune



Eirik Steine

Jurist

Odin Prosjekt AS